

Hardangerbadet

eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter i Kvam

Søknad til HFK om regionale midlar

30 september 2015



Hordaland fylkeskommune - regionale utviklingsmidlar.

Søknad om støtte til badeanlegget i Hardangerbadet.

Hardangerbadet (HB) er eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter som er under planlegging i Kvam. Det er eit nyskapande tiltak med ålmenn nytte for heile distriktet. Prosjektet har ein helsefremjande profil og vil gje betre helse- og livskvalitet for mange.

HB skal vera eit høg-kvalitets og integrert symje-, helse- og aktivitetstilbod samt møteplass for folk i Kvam, Hardanger og Hordaland. HB vil verta ein attraktiv konkurranse-, kurs- og konferansearena for symjing og helsefremjande arbeid for heile landet. Målet er å skape eit 5. generasjons folkehelsebad, eit helsefremjande fyrtårnsprosjekt med overføringsverdi til andre regionar i inn- og utland.

Kommunar, innbyggjarar, idrettslag, skuleverk, næringsliv, organisasjonar og andre har vist stor interesse for HB. Prosjektet vil gje rom for godt og breitt engasjement vidare.

HB vil skapa vekst og utvikling, med mellom anna nye interessante arbeidsplassar. Tiltaket vil gje auka trivsel og gjera det meir attraktivt både å bu og vitja Hardanger.

Badeanlegget (trening /konkuranse basseng 25m * 12,5 m og varmtvatn/opptrening 12 * 8,5 m) skal organiserast som eit KF (kommunalt føretak).

Tiltaket vert realisert som eit totalprosjekt med bad, helsedel og hotell.

For at badedelen skal ha ei sunn og god drift i framtida, er det HB sitt mål å skaffa så stor eigenkapital til det som mogeleg. Konkret er det HB sitt mål at lånebehovet til badedelen HB KF ikkje skal overstiga 20 mill kr.

Hardangerbadet KF under stifting ved Kvam herad søker HFK om regionale utviklingsmidlar, stort kr. 5,0 mill. NOK, som investeringstilskot for bade-/symjedelen HB KF. Det vil redusera trongen for offentlege lån og vil styrkja tiltaket med tanke på økonomi og omdøme.

Søknadsår 2015

Søknadssum NOK 5 mill.

Prosjektnamn Hardangerbadet KF

Kort beskriving

Hardangerbadet (HB):

- er eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter som er under planlegging i Kvam.
- vil skapa eit høg-kvalitets og integrert symje-, helse- og aktivitetstilbod samt møteplass for folk i Kvam, Hardanger og Hordaland.
- vil skapa ein attraktiv konkurranse-, kurs- og konferansearena for symjing og helsefremjande arbeid for heile landet.
- vil skapa eit 5. generasjons folkehelsebad - og vera eit helsefremjande fyrårnsprosjekt med overføringsverdi til andre regionar i inn- og utland.
- vil bidra til å utvida og styrkja reiselivsbransjen i Hardanger
- vil bidra til vidare utvikling av Hardangerfjord Hotel med nytt kjøken, konferansedel og nye rom.

Prosjektbeskriving

HB skal lokalisrast ved sjøen sentralt i Øystese og skal knytast saman med Hardangerfjord Hotell. HB får eit brutto areal på ca. 5.280 m². Saman med utviding av Hardangerfjord Hotell er investeringane budsjettert til 209 mill., eks. mva. HB vil skapa mellom 30 og 50 nye arbeidsplassar. HB planlegg byggjestart august 2016 og opning av senteret i juni 2018.

HB skal bli eit unikt og fullintegrert bade-, helse-, aktivitets- og velværesenter.

Trenings-/konkurranse- og varmtvassbaseng skal etablerast som eit kommunalt foretak (HB KF) med mogleg samarbeid med nabokommunar. Det vil vera eit tilbod til alle, symjeopplæring, sjøsport, skulesymjing, konkurranseymjing og til folk med funksjonshemming og andre spesielle behov, i heile regionen.

I helsedelen vert det satsa spesielt på førebygging og behandling av muskel-, ledd- og skjelettsjukdomar, i tillegg til livsstilssjukdomar inkludert ernæring.

HB AS skal, saman med Kvam heradet byggja eit opp tilbod som vil skapa vekst og utvikling i Kvam og Hardanger. Det vil styrkja området som eit godt og attraktivt samfunn for gamle og nye innbyggjarar.

HB AS samarbeider med Kvam herad om fagleg innretning, utforming, økonomiske forhold, organisering, medeigarskap og komplementære aktivitetar. Samarbeid med Hardangerrådet, dei andre kommunane i Hardanger, Reisemål Hardangerfjord og Hordaland Fylkeskommune er godt i gong. Arbeidet med fullfinansiering med minst mogleg lån er høgt prioritert. Kvam herad har til finansiering av badeanlegget, Hardangerbadet KF (HB KF), ytt 23 mill. i form av eigenkapital og tomt, resten skal finansierast med støtte/tilskot og sponsing.

HB skal innehalda fire integrerte hovudanlegg med ulike eigarar :

- Symje- og badeanlegg (konkurranse-, trening- , og varmtvasbasseng for opplæring i HB KF, og leik- og familiebasseng HB AS)
- Legesenter (ANS Helsebanken)
- Komplementær aktivitet (HB AS). (Komplementær aktivitet er kommunehelse, fysioterapi, kiropraktikk, massasje, SPA, trening, ernæring, fotterapeut, trenings- og mestringscenter, mm).
- Hardangerfjord Hotel - nødvendig opprusting og utviding.

Symje- og badeanlegg vert på 2.050 m², helse og treningssenteret 1.040 m², ANS Helsebanken 500 m², resten er tekniske rom. Anlegget skal bygningsmessig integrerast med Hardangerfjord Hotell.

Dei fire partane skal delvis dela areal, personale og andre kostnader for å vera kostnadseffektive og oppnå maksimal synergieffekt.

Spesifikasjon

Bakgrunn

HB er eit viktig prosjekt i Kvam og Hardangerregionen.

Veksten i Hordaland skjer i stor grad i Bergen og kommunane rundt Bergen. Hardanger har nedgang i arbeidsplasser og folketall. Kvam er eit unntak ved at kommune har hatt ein liten vekst i folketalet, men med stort tap av arbeidsplassar dei seinare åra.

HB vil verta eit aktivitetssenter som skal skapa vekst og utvikling i Hardanger. Det vil gje nye arbeidsplassar, styrka reiseliv og gjera det meir attraktivt å busetja seg i området.

Handlingsplanen for fysisk aktivitet 2005-2009 peikar på nødvendige tiltak for å oppnå auka fysisk aktivitet i folket:

- Tilrettelegging av fysiske omgjevnadar med vekt på tilgjenge for alle
- Bidra til at det finst lokale lågterskeltilbod og gode tilhøve for fysisk aktivitet på fritida og for viktige arenaer som barnehage, skule og arbeidsplassar
- Motivera til ein aktiv livsstil

Symjekompetansen i Norge er lågast i Norden. Skulebassenga i Norheimsund, Øystese og Ålvik er alle gamle anlegg og skal fasast ut når Hardangerbadet opnar (jfr. vedtak Kvam heradsstyre 24. aug. 2015).

Sjukdomar relatert til musklar, ledd, skjelett og livsstil er ei utfordring. Over halvparten av alt sjukefråvær er relatert til muskel- og skjelettplager.

Glede, fellesskap og synleg resultat motiverer mange til nødvendig aktivitet, gjerne under god og inspirerende fagleg rettleiing. Kvam og Hardanger har behov for fleire gode møtestader, inkludert

betre tilbud til mange innvandrere. Både innvandrere, kvemningar og hardingar har behov for helsefremjande arenaer der dei kan møtast og verta kjende med kvarandre. HB ynskjer å vera ein attraktiv arena med gode tilbud for alle.

Fuktig og kaldt Vestlandsklima gjer innandørs tilbud meir attraktivt. Geografisk nærleik aukar interessa og bruken av slike anlegg.

Hovudmål for samhandlingsreforma er gode helsetenester nærast mogleg innbyggjarane, auka helsefremjande og førebyggjande innsats i kommunane, og tverrsektorielt folkehelsearbeid (St. meld nr 47 2008-2009). Helsedirektoratet har nyleg proklamert ein storgevinst av auka fysisk aktivitet i Norge: Dersom fire av fem nordmenn aukar den fysiske aktiviteten frå inaktiv til litt aktiv eller frå litt aktiv til noko meir aktiv, vil den årlege velferdsgevinsten bli på 239 milliardar kroner.

Utvikling i helsetilstanden heng saman med ei rekke utfordringar knytt til tobakk, kosthald, fysisk aktivitet, kroppsvekt, og psykisk helse. Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015) vektlegg styrking av den helsefremjande og førebyggjande innsatsen for å hindra at sjukdom oppstår og utviklar seg (St.meld. nr. 47 - 2008-2009). Helse- og omsorgstenestelova legg vekt på kommunen si plikt til å yta tenester som fremjar helse og søker å førebyggja sjukdom, skade og sosiale problem.

Folk og næringsliv i Kvam i Hardanger har i 10 år arbeidd for å etablere eit attraktivt bade-, helse-, trenings- og velværesenter for å betra helse og livskvalitet for innbyggjarane regionen og dei som kjem på vitjing.

Hardangerbadet vil verta eit senter med høg kompetanse på ernæring, fysisk aktivitet, muskel og skjelettlidingar.

- **Prosjekt mål**

- HB - har som mål å byggja og driva Hardangerbadet, innflyttingsklart 2018.

- HB skal verta eit unikt helsefremjande senter med eit mangfald av fagfolk innan helse, ernæring og fysisk aktivitet.
- I HB kan brukarane velja individuelle tilbud eller gruppetilbud innanfor badeanlegget og helse- og treningsenteret.
- Skuleelevar og andre skal få tilbud om profesjonell symjeopplæring. Badeanlegget skal gje tilbud til alle aldersgrupper.
- Bade/symjeanlegget i HB inkluderer profesjonelt konkurranseanlegg, varmt opplærings- og terapibasseng og leike-familiebasseng.
- HB skal etablere ein arena kor lokale idrettslag kan byggja opp symjegrupper og sjøsport aktivitetar.
- HB skal integrere fagfolk og spissa kompetansen deira, og byggja samarbeid med andre.

- Samarbeid med relevante miljø i Helse Bergen/Haukeland Universitetssjukehus er innleia og vil sikra kompetansebygging og fagleg topp tilbod. Universitetet i Bergen skal medverka til FoU.
- Folkehelse: Førebyggjande og helsefremjande arbeid skal vera ein raud tråd i HB. Frisklivssentralar vert no etablert på kommunalt over heile landet.
- Lærings- og mestringssentre skal gje pasientar, brukarar og pårørande informasjon, kunnskap og hjelp til å handtera langvarig sjukdom og endra helse.

Kommunal frisklivssentral og lærings- og mestringssenter heng nært saman med omsyn til innhald og målgrupper. Kvam herad skal i samarbeida med HB AS, kommunane i Hardanger (Hardangerrådet) og Helse Bergen utvikla slike tilbod i Kvam og Hardanger, inkludert godt samarbeid mellom ulike tenestnivå og frivillige organisasjonar. Det er aktuelt å plassera slike friskliv-, lærings- og mestringstilbod for heile Hardanger i HB.

Muskel-, ledd- og skjelettsjukdomar vert eit naturleg førebyggjande og terapeutisk satsingsfelt i HB. Legar og anna helsepersonale som skal inn i HB, ynskjer å spissa kompetansen på desse felta, slik at HB kan utvikla eit tverrfagleg og høgkompetent tilbod innanfor desse fagområda.

Balanse- og styrketrening passar god inn i dette satsingsområdet. Musklar kan styrkast uansett alder. Rørsle og styrketrening i varmtvassbasseng og treningssenter gjev gode resultat. Samla vil dette redusera individuelle lidningar og offentlege helseutgifter.

Funksjonshemma: Personar med nedsett funksjonsevne vil i HB få høve til helsetenester, bading, trening, personleg utvikling og livsutfolding individuelt eller saman med andre.

Psykisk helse: I utgangspunktet er ikkje personar med psykiske utfordringar ei primær målgruppe for HB. Forsking viser at bading og anna fysisk aktivitet, god ernæring og sosialt miljø har gunstig effekt på psykiske lidningar.

Kunnskap- og kompetansebygging: Folkehelsemeldinga, «God Helse – felles ansvar 5.5.2» seier at spesialisthelsetenesta har et spesielt ansvar overfor kommunane for rettleiing, kunnskaps- og kompetanseutvikling.

Høgkompetente fagmiljø blir viktige samarbeidspartar.

FoU: HB blir eit unikt prosjekt i Norge. HB ynskjer å bli ein modell med overføringsverdi til andre. HB ynskjer å nytta FoU for å utvikla og dokumentera nytten av nye relevante metodar inkludert samarbeidsformer/kompetansebygging. Samarbeid med Universitetet i Bergen Høgskulen i Bergen og Norges Forskningsråd er aktuelt.

HB er eit godkjent Skatte-Funn prosjekt i Norges Forskningsråd med ramme 14. mill NOK (sjå vedlegg)

NAV i Kvam og på fylkesnivå har dialog med tanke på rehabilitering av sjukmelde og uføre.

Hardangerfjord Hotell vert samlokalisert med HB og vil tilby hotellfasilitetar for korte og lengre opphald.

HB og hotellet ynskjer å stimulera til lokale, regionale og nasjonale konkurransar, kurs og konferansar for brukarar og organisasjonar.

Målgrupper

HB er for alle i alle aldersgrupper: friske, muskel-, ledd- og skjelett-sjuka, revmatikarar, helse- og rehabiliteringspasientar, funksjonshemma, skule-elevar, innvandrarar og tilreisande.

Badeanlegget er også for dei som treng det mest, til dømes dei som ikkje kan symja, og dei som treng stimuli for meir fysisk, mental og sosial aktivitet. Dei som ikkje kan bruka naturen, idrettsbanar og hallar, skal vera svært velkommen i HB.

Terapibassenget – opplæringsbassenget (12,5 x 8,5 m, 34o C, tilrettelagt også for funksjonshemma) vil vera til stor verdi for revmatikarar, nakke/ryggpasientar og andre med muskel-, ledd- og skjelettsjukdomar. Kombinert med eit omfattande, tverrfagleg og spesialisert helseteam vil terapibassenget gje eit unikt tilbod til slike pasientar. Andre personar under rehabilitering kjem også lettare i fysisk aktivitet i varmt vatn. Gravide (førebyggja bekkenløyning), babyar (babysymjing), mange barn (symjeopplæring) og eldre føretrekkjer også varmare vatn, spesielt i tilvenningsfasen for tryggleik og vasskjensle.

Trenings- og konkurransebassenget (25 x 12,5 m m/5 banar) har stor kapasitet. Bassenget er godt eigna for konkurransesymjing og andre vassport som til dømes vasspolo og undervassrugby. Det er planlagt for stuping frå inntil 3 m høgd. Anlegget vil ha tribunar for publikum.

Leike- og familiebassenget for alle og spesielt barn skal ha massasjedyser, symjestraum og rutsjebanar. Det er ein populær og god måte for å leika seg og for å auka den gode kjensla og tryggleiken i vatn. Rørsle og aktivitet i vatn er inspirerande, velgjerande og leikprega.

Sjøvatn (50% salt samanlikna med sjø) i alle bassenga gjev betre komfort enn tilsett klor. Det er attraktivt og gunstig for personar med allergi, hud- eller lungesjukdom.

Hesledelen, treningscenteret, og møteplassen vil kunne brukast separat eller komplementært til badeanlegget.

Gjennom hesledelen og badet vil HB, i lag med Helsebanken ANS og Tonus AS, byggja opp helsetenester både for offentlege og private brukarar. Viktig målgruppe vil vera NAV, helseforetak, forsikring, bedrifter mm.).

Hardangerfjord Hotel blir nyttig for tilreisande brukarar og høver godt for kurs, konferansar og symjekonkurransar. Hotellet satsar blant anna på kurs i helsefremjande ernæring/matlaging.

Forankring

Hardangerbadet AS er eit privat selskap som har drive fram planar, forprosjekt, finansiering og samarbeid for å realisera prosjektet. Samarbeid med folket, næringslivet, Kvam herad, Hardangerrådet, Hordaland Fylkeskommune, Helse Bergen og NFR/EXTRA stiftelsen har vore viktig for at Kvam heradsstyre 19. mai 2014 vedtok å gå tungt inn i prosjektet, blant anna med intensjon om økonomisk støtte på samla ca 25 mill NOK. Heradsstyret i Kvam vedtok 24.aug. 2015 at Kvam

herad går inn med 20 mill i egenkapital og tomt verdsett til 3 mill. kr. I tillegg er det løyvd 10 mill som buffer. Heradssyrt vedtok vidare at det skal opprettast eit kommunalt føretak (KF).

(Vedtak i Kvam Heradsstyre 19. mai 2014, og vedtak 24. aug. 2015 sjå vedl. 2)

Hardangerbadet AS har i dag 27 aksjonærar, dei fleste aksjonærar er lokale verksemdar. Det er representantar frå handelsverksendar, entreprenørar og fiskeoppdrett m.fl.

HB AS har inngått intensjonsavtale med ANS Helsebanken, Helsebanken Fysioterapi AS og Hardangerfjord Hotell Eigedom AS.

Etter at bygget er endeleg prosjektert og kalkulert skal partane utarbeida ein endeleg avtale. Etter planen skal det skje hausten 2015.

HB AS har inngått avtale med Øystese idrettslag om samarbeid på drift.

I tillegg er HB AS i dialog med Tonus fysioterapi og trening AS om å drifta helsedelen i 2.etg. Etter planen vil det vera på plass ein avtale hausten 2015.

Badeanlegget er prioritert i plan for anlegg og idrett i Kvam.

Søknad om førehandgodkjenning er sendt Kulturdep. for godkjenning.

Spelemiddelsøknad vert sendt før nyttår.

Det er i dag godkjent reguleringsplan for føremålet på arealet Hardangerbadet skal byggjast på.

Prosjektorganisering

Styret/prosjektorganisasjonen

Martin Vik, Øystese (daglig leiar) - gardbrukar, kraftverkseigar, tidligare ordførar i Kvam

Tor Brattabø, Bergen (styreleiar) - Styremedlem COOP, innehavar Brattebø Consult, omfattande erfaring frå mange styre

Dag Jarle Aksnes, Bergen (nestleiar) – direktør NCE-turism, mange styreverv i eigedomsselskap, reiseliv, mm.

Per Ove Pedersen, Ulvik (styremedlem) - Daglig leiar, styreleiar & medeigar i mange hotell, inkl. Hardangerfjord Hotell

Alfred Halstensen, Bergen (styremedlem) - Professor UiB, overlege Haukeland Universitetssjukehus, tidligare i UiB styret, fleire styreverv i eigedom og havfiskeselskap, mm.

Jakob Sandven, Øystese (varamedlem) - Daglig leiar & styreformann Kleppe møbelfabrikk, fleire styreverv eigedom, mm.

Terje Storeng, Bergen (varamedlem) - Styreleiar Kirberg Shipping, styremedlem Odfjell shipping, tidligare adm direktør Odfjell, + andre styreverv

Arild Steine, rådmann Kvam herad - observatør

Prosjektgruppa Helse i Hardangerbadet :

Åslaug Bøhn Botnen, helse- og omsorgsjef i Kvam herad

Hans Atle Soldal, rådgjevar/prosjektleder i Kvam herad

Reidun Braut Kjosås, rådgivar Helse Bergen/LMS

Jon Sivert Sandven, kommunelege i Kvam/Helsebanken

Alfred Halstensen, professor i UiB, overlege Helse Bergen, styremedl. Hardangerbadet

Gruppa vart oppretta på bakgrunn av vedtak i Kvam heradsstyre 19. mai 2014 (sjå vedlegg). Gruppa er sett saman av representantar utpeika av Kvam herad, Helse Bergen og Helsebanken (sjå vedlagt rapport Helse i HB).

Prosjekteringsgruppe for det totale byggeprosjektet:

Styre i Hardangerbadet AS og Kvam herad (HB KF)

Øystein Tufteland - Tufteland AS

Halgeir Haleland - Link Arkitekter AS

Samarbeidspartnarar (sjå vedlegg 1 side 23)

Aktivitetar:

- Ferdigstilla forprosjektet
- Inngå bindande avtalar
- Fullfinansiera totalprosjektet
- Kvalitetssikra grunnlagsdata
- Utarbeida tilbodsgrunnlag
- Utlysing av anbod
- Tildeling
- Byggestart hausten 2016

- Ferdigstil 1. juni 2018
- Drift 1. juni 2018

Resultat:

Nytt komplett symje- og helseanlegg i Øystese.

Nytt legesenter

Nybygg Hardangerfjord Hotell

Helsetilbod for heile Vestlandsregionen

Effektar:

Arbeidsplasser 30- 50 nye

Kompetanse-arbeidsplassar

Attraktivt å rekruttere kompetanse-arbeidsplasser til næringslivet i regionen

Folkevekst

Ringverknad: Næringsliv, hytter og reiseliv

Nye produkt (heilårstilbod)

Styrkja eksisterande reiselivs- og aktivitetstilbod

Friskare befolkning - betre helse

Redusert sjukefråver

Betra livskvalitet

Reduserte helseutgifter

Auka symjekompetanse

Auka skatteinngang og rammetilskot til kommunen

Tids- og kostnadsplan:

Tidsplan	(sjå vedlegg 1, side 23)
Eigar og driftsmodell	(sjå vedlegg 1. side 15)
Kostnadskalkyle	(sjå vedlegg 1, side 17 og 18)
Finansieringsplan	(sjå vedlegg 1, side 18)
Driftsbudsjett	(sjå vedlegg 1, side 19)

Kalkylar, finansiering og driftsbudsjett.

Kalkyle for byggjekostnad av badedelen i Hardangerbadet fordelt på HB KF og HBE AS

	2/3 av bad HB KF	1/3 av bad HB AS	Samla
m2	2 498	1 249	3 747
Arkitektfag	26 350 459	13 175 230	39 525 689
Byggteknisk	12 151 208	6 075 604	18 226 813
VVS	10 469 602	5 234 801	15 704 403
Elektro	7 275 785	3 637 893	10 913 678
Rigg og drift, 8 %	4 499 764	2 249 882	6 749 647
Prosjektering, 5 %	3 037 341	1 518 670	4 556 011
Uforutsett, diverse 10 %	6 378 416	3 189 208	9 567 624
Tillegg for å kompensere reduksjon av "rimelige arealer" 470m2*7000	2 193 333	1 096 667	3 290 000
SUM eks. mva.	72 355 910	36 177 955	108 533 864
+ 25 % mva.	18 088 977	9 044 489	27 133 466
SUM inkl. mva.	90 444 887	45 222 443	135 667 330

Finansiering av Hardangerbadet KF

Finansieringskjelde - mill. kr.	Tilsagn	Moglege
Kvam herad - egenkapital	20,0	
Kvam herad, tomt	3,0	
EXTRA Stiftelsen	3,0	
Sp elemidlar	17,0	
Sp elemidlar - samarbeid med andre kommunar (30 % auke)		5,0
Samarbeid med andre kommunar		6,0
Hordaland Fylkeskommune		5,0
HFK – kompensasjonsmidlar	4,0	6,0
Trond Mohn (overført HBE AS)		
Sp arebankstiftinga Hardanger	0,5	4,5
Andre stiftingar (Gjensidige m.fl.)		
Andre sponsorar (overført HBE AS)		
M omskompensasjon (må avklarast)	12,6	
M va.frådrag (må avklarast)	6,4	
Sum	66,5	26,5
Finansieringsbehov	90,0	
Manglande finansiering - utfordring for HB KF og HB AS	23,5	

Med desse føresetnadane står det att eit finansieringsbehov av den kommunale delen av badeanlegget på 23,5 mill. Fullfinansiering må hentast frå dei «moglege» finansieringskjeldene. Kvam herad og HB AS må henta inn 23,5 mill i støtte frå det offentlege og stiftingar. Dermed kan støtte frå private nyttast som egenkapital i HBE AS.

Driftsbudsjettet til Hardangerbadet KF

HB - drift etter vedtak i Kvam heradsstyre

Utgifter HB KF	Kr
Energi	500 000
Personalkostnad	1 064 000
Forsikring	100 000
Kjøp av reinhaldstenester	200 000
Finans - forskot spelemidlar	
Regnskap - drift av selskap	500 000
Kommunale avgifter	75 000
Vedlikehald/vedlikehaldsfond	400 000
Totale kostnader	2 839 000
Inntekter HB KF	Kr
Husleigeinntekter	1 280 000
Utleige vaktmester/teknisk leiar	750 000
Totale inntekter	2 030 000
Underskot	-809 000
Kommunalt bidrag til drifta*	809 000

*Netto innsparing nedlegging tre basseng


Selskapet får eit underskot på kr 809 000 som tilsvarar netto driftsinnsparing ved å leggja ned 3 kommunale basseng.

For å dekkja eventuelle uforutsette hendingar som kan føra til underskot i HB KF, tilrår rådmannen at kr 10 millionar av det såkalla «mastefondet» vert låst som buffer mot dette.

Underskotsgarantiar.		
Hardangerfjord Hotell	5,0 mill	0,5 mill i 10 år
Øystese Næringslag/Bedrifter i Kvam	6,0 mill	0,6 mill i 10 år
Øystese Idrettslag *		Drift samarb.

*Øystese Idrettslag har inngått avtale om å bidra med gratis personellressursar.

Norheimsund 30. September 2015



Ordfører



Dagleg leiar HB AS

Vedlegg

0. Søknad Hordaland Fylkeskommune. Regionale midlar
1. Prosjektomtale
2. Vedtak Kvam heradsstyre 19.mai 2014 og 24.aug. 2015.
3. Helse i HB
4. Samarbeidspartar
5. Støtte-erklæringar